

Protokoll fra årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag

Lørdag 12. mars 2022 kl 10.00 – 16.00

Scandic Seilet Hotell, Molde

Årsmøteordfører Oddvar Mikkelsen åpnet møtet kl 10.00 og ønsket utsendinger, æresmedlemmer og gjester velkommen.

SAK 1: REGISTRERING. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Organisasjonssjef Nina Kolltveit Sæter foretok registrering. På årsmøtet møtte det i alt **42 personer med stemmerett**.

Som inviterte gjester uten stemmerett møtte styremedlem i Norges Bondelag, Audhild Slapgård, æresmedlem Gunnar Wentzel, Sivert Mausest og Grete Misfjord fra valgnemnda, stortingsrepresentantene Per Vidar Kjølmoen (Ap) og Birgit Oline Kjerstad (SV) og 4 ansatte på fylkeskontoret.

Fra samarbeidende organisasjoner møtte Ole Henrik Rindli (TINE), Olav Håkon Ulfsnes (Nortura), Bente Bjerkeset Solenes (Felleskjøpet), Vegard Smenes (Geno), Ole Marvin Aarstad (Landbruk Nordvest), Brit Kari Hauger (assisterende landbruksdirektør, Statsforvaltaren). Lars Olav Vanberg møtte for Sau og Geit og Veronika Naas for Landkreditt, men de var også utsendinger med stemmerett fra sitt lokallag.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent

SAK 2: VALG AV TO PERSONER Å SKRIVE UNDER PROTOKOLL

Vedtak:

Sofie Høybakk, Giske Bondelag og Lars Polden, Surnadal Bondelag, ble valgt til å skrive under protokollen

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Fannestrandveien 63. 6415 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 952 52 288	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:		www.bondelaget.no/moreogromsdal

SAK 3: OPPNEVNING AV REDAKSJONSNEMND

Vedtak: Årsmøtet oppnevner som redaksjonsnemnd:

Audun Skjervøy, fylkesstyret (leder)
Kjersti Ellingsgård, Molde Bondelag
Peder Vik Stave, Sykkylven Bondelag
Eirik Fiske, Surnadal Bondelag

Sekretær: rådgiver Anne Marit Riste, fylkeskontoret

SAK 4: ÅRSMELDING 2021

Anna Håland Berget la fram årsmeldinga på vegne av styret.

Disse hadde ordet:

Rune Skeide, Gossen
Jan Øystein Aksnes, Vanylven

Vedtak: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2021 godkjent.

SAK 5: REGNSKAP 2021

Organisasjonssjef Nina Kolltveit Sæter la fram regnskapet for 2021

Disse hadde ordet:

Ingen kommentarer

Regnskapet er ført av Norges Bondelag og revidert sammen med Norges Bondelag sine regnskap. Fylkeslaget er ei avdeling i Norges Bondelag. Bankkonto ligger også i Norges Bondelag. Egenkapitalen står på konto i Landkreditt.

Regnskapet viser ei driftsinntekt på kr 1 761 216 og en driftskostnad på kr 1 439 394. Finansinntekter var kr 20 505. Resultat for 2021 viser et overskudd på kr 351 105. Overskuddet overføres til egenkapital.

Balansen:

Eiendeler kr 2 283 643
Gjeld og Egenkapital kr 2 283 643

Vedtak:

Regnskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2021 godkjennes med forbehold om Norges Bondelags revisor sin godkjenning. Regnskapet er gjort opp med et årsresultat på kr 351 327. Egenkapitalen 1.1.2022 er på kr 2 283 643.

SAK 6: ARBEIDSPLAN 2022/2023

Ørjan Stenerud la fram arbeidsplanen på vegne av styret.

Arbeidsplanen bygger på Næringspolitisk plan for Norges Bondelag, og på styret i Norges Bondelag sine prioriteringer av saker i arbeidsåret, samt tidligere arbeid med langsiktige planer for Møre og Romsdal Bondelag.

Arbeidsplan for Møre og Romsdal Bondelag mars 2022 - mars 2023**Næringspolitikk – Møre og Romsdal Bondelag skal jobbe for å styrke bondens økonomi!**

2022 blir et viktig år for norsk landbruk. Hvis ikke økonomien i næringen blir vesentlig styrket, risikerer vi stor avskalling av gårdsbruk og jord i drift. Det kan vi ikke sitte stille og se på! Vi skal jobbe for et reelt inntektsløft for bonden.

Møre og Romsdal Bondelag skal jobbe for full kostnadsdekning og god start på tetting av inntektsgapet i årets forhandlinger. Det skal vi gjøre gjennom

- God kontakt med politikere på alle nivå, og stadig minne politikere fra regjeringspartiene om hva som står om landbruk i Hurdalsplattformen
- Være pådriver overfor styret i Norges Bondelag
- Få frem budskap om hvor viktig landbruket i fylket er for bosetting, arbeidsplasser og matsikkerhet
- Bidra til økt kunnskap om at lokal matproduksjon og gras- og beitebasert kjøttproduksjon er bærekraftig og bra for klima

Andre næringspolitiske saker Møre og Romsdal Bondelag skal jobbe med

- et kvoteregelverk der kvotene eies av aktive drivere
- gode velferdsordninger i landbruket
- en rovdyrforvaltning som gir god utnyttelse av beiteressursene i fylket
- god hjorteforvaltning slik at bøndene får minst mulig avlingstap
- jordvern og driveplikt
- at klimakalkulatoren tas i bruk av bøndene i fylket
- god dyrevelferd

Kommunikasjon - Møre og Romsdal Bondelag skal jobbe for

- Å bygge forståelse for betydningen av landbruket i fylket gjennom å være synlig i nærmiljøet, i sosiale media og på arrangementer
- Støtte opp om kommunikasjonsstrategier fra Norges Bondelag

Sterkere organisasjon - Møre og Romsdal Bondelag skal jobbe med

- Kompetansebygging på lokal- og fylkesnivå under paraplyen «Vi bygger Bondelaget!»
- å hjelpe lokallag til å ta i bruk digitale verktøy
- å få i gang aktivitet i lokallagene etter korona

- verving. Vi setter inn støtet på Matfestivalen i Ålesund og på Dyregoddagene i Gjemnes

Hverdags-Bondelaget leverer - Møre og Romsdal Bondelag skal bidra til

- opplevd verdi av medlemskap
- aktivitet i lokallagene
- å spre kunnskap om medlemsfordeler

Andre prioriterte saker i Møre og Romsdal

- Politisk kontakt på alle nivå
- markering av Møre og Romsdal Bondelag 75 år

Disse hadde ordet:

Ann Mari Bjørnøy
Eirik Sjøholt
Per Ivar Skodjereite
Kjersti Ellingsgård
Jan Øystein Aksnes
Hans Olav Husby
Gunnhild Overvoll
Rune Skeide
Lars Polden

Vedtak: Arbeidsplan for Møre og Romsdal Bondelag 2022-2023 godkjennes med de kommentarer som kom fram i møtet.

SAK 7: BUDSJETT 2022

Organisasjonssjef Nina Kolltveit Sæter la fram budsjettet for 2022.

Styret budsjetterer med et underskudd på kr 138 000 for 2022. Fylkeslaget har i likhet med de fleste lokallagene penger i bankinnskudd. Pandemien de to siste årene har gjort at alt for mange aktiviteter er blitt avlyst, og regnskapene har gått med overskudd. Inntektene til fylkeslag og lokallag kommer i all hovedsak fra medlemskontingent. Fylkesstyret mener oppsparte midler skal komme medlemmene til gode gjennom aktiviteter for medlemmer, opplæring og møtearenaer for tillitsvalgte og ved å synliggjøre landbruket for resten av samfunnet.

Disse hadde ordet:

Mikal Skodjereite
Kjersti Ellingsgård
Per Ivar Skodjereite

Vedtak: Budsjettet for Møre og Romsdal Bondelag 2022 godkjennes med de merknader som kom fram i møtet.

Etter sak 7 redegjorde leder i resolusjonsnemnda, Audun Skjervøy for forslaget til resolusjon fra årsmøtet.

Disse hadde ordet

Gunhild Overvoll
Kjersti Ellingsgård
Knut Hustad
Mikal Skodjereite

12.00 – 13.00 Lunsj

Fylkesleders tale ved Konrad Kongshaug (lagt ut på hjemmesida etter årsmøtet)

Innlegg fra Norges Bondelag ved styremedlem, Audhild Slappgård om aktuelle faglige- og organisasjonsmessige saker fra Norges Bondelag.

Generaldebatt – spørsmål og debatt

Innspill og kommentarer fra generaldebatten er notert av styret og kontoret, og blir tatt opp til drøfting og oppfølging i fylkestyret.

Disse hadde ordet:

Olav Håkon Ulfsnes
Ole Henrik Rindli
Rune Skeide
Jan Øystein Aksnes
Hans Olav Husby
Vegard Smenes
Bente Bjerkeset
Anna Håland Berget
Knut Hustad
Knut Ivar Bøe
Øystein Solli
Per Ivar Skodjereite
Kjersti Ellingsgård
Mikal Skodjereite
Birgit Oline Kjerstad
Per Vidar Kjølmoen

Konrad Kongshaug og Audhild Slappgård svarte ut og kommenterte innleggene.

SAK 8: UTTALE FRA ÅRSMØTET

Leder i redaksjonsnemnda presenterte forslag til uttale.

Disse hadde ordet:

Ingen kommentarer.

Vedtak: Årsmøtet vedtar vedlagte uttale fra årsmøtet

Resolusjon frå Møre og Romsdal Bondelag sitt årsmøte 2022**Inntektene må opp!**

2022 er eit skjebneår for norsk landbruk. Gapet mellom inntektene til bøndene og andre yrkesgrupper har vakse år for år, og er forsterka av at kostnadene har auka mykje meir enn det vi kunne føresjå i jordbruksforhandlingane i fjor. Mange bønder slit med å betale rekningane sine. Dersom vi ikkje ser eit skikkelge inntektsløft etter jordbruksforhandlingane i år, risikerer vi eit sterkt fråfall frå bondenæringa – med dei konsekvensane det får for matproduksjon og busetjing.

Russlands invasjon av Ukraina er ei gruffull handling. Møre og Romsdal Bondelag uttrykker sterk medkjensle med det ukrainske folket og ukrainske bønder, med håp om ein snarleg slutt på krigen! Invasjonen viser også kor sårbar matproduksjonen i verda er, og kor viktig det er å halde oppe og auke matproduksjonen og sjølvforsyninga i Noreg.

I Hurdalsplattforma seier regjeringa at dei vil styrkje lønnsmda i jordbruket og tette inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet.

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag krev på bakgrunn av dette eit kraftig inntektsløft for bonden. Det føreset at vi i årets jordbruksavtale oppnår

- ein solid start på tettinga av inntektsgapet, som må vere fullført innan utgangen av denne stortingsperioden
- full kostnadskompensasjon
- jord- og kvoteleige må med i berekninga av inntekta

For å tette inntektsgapet må kostnadsauken bli fullt ut kompensert først. Skal vi rekruttere til landbruksnæringa, krevst det inntekt på nivå med ein gjennomsnittslønnstakar eller industriarbeidarar.

Velferd

Landbruket må ha velferdsordningar som kan konkurrere med andre næringar. Dette er spesielt viktig for å styrkje rekrutteringa. Å vere bonde skal ikkje vere eit hinder for å få barn. Gode velferdsordningar i samband med svangerskap, fødsel og sjukdom må på plass snarast. Det trengst meir midlar til ferie og fritid for bonden. Dette er midlar som i neste omgang gir auka sysselsetjing og auka skatteinntekter til staten. Ei styrking av velferdsordningane er såleis både ei investering i god helse for bonden og i fleire arbeidsplassar i distrikta.

Investeringar

Stortinget har vedteke krav om lausdriftsfjøs for mjølkekyr og ammekyr innen 2034. Møre og Romsdal har driftsforhold som gjer at mange små og mellomstore bruk står i fare for å gi

opp. Investeringsstøtta må aukast kraftig og i takt med kostnadsveksten, og midlane må hentast utanfor jordbruksavtalen.

Det er eit sterkt søkjelys på dyrevelferd for alle dyreslag. Møre og Romsdal Bondelag meiner det bør opnast for investeringsstøtte til både saue-, grise- og fjørfebruk, noko som kan bidra til å auke dyrevelferda, sikkerheita og arbeidsmiljøet for bonden utan å auke produksjonen der det ikkje er rom for det. Dette skaper også sysselsetjing i distrikta, det styrkjer matberedskapen og gir oss norsk trygg og god mat produsert med god dyrevelferd.

SAK 9 VALG

41 utsendingar med stemmerett var til stade under valget.

Leder i valgnemnda, Sivert Mauset, presenterte forslaget frå valgnemnda.
Tellekorps: Arild Erlie og Atle Frantzen

1. Leiar - Val for 1 år.

På val:

Konrad Kongshaug, Averøy (Leiar frå 2019, og 2.vara frå 2018)

Vedtak: Konrad Kongshaug, Averøy 41 stemmer, 0 blanke

2. To styremedlemer - Val for 2 år.

På val:

1. Styremedlem Anna Håland Berget, Rauma (styremedl. frå 2020, vara frå 2018)
2. Styremedlem Odd Bjarne Bjørdal, Ørsta (styremedlem frå 2016)

Vedtak:

1. Styremedlem: Anna Håland Berget, Rauma 41 stemmer, 0 blanke
2. Styremedlem: Audun Skjervøy, Fjord 41 stemmer, 0 blanke

Ikkje på val til styret er:

- Hilde Kjersem Kolberg, Hustadvika (styremedlem frå 2019)
- Ørjan Stenerud, Giske (styremedlem frå 2021)

3. Nestleiar Skal veljast for 1 år mellom dei 4 styremedlemene.

På val:

Anna Håland Berget, Rauma (nestleiar frå 2021, styremedlem frå 2020, vara frå 2018)

Vedtak: Anna Håland Berget, Rauma Enstemmig

4. Val av 3 vararepresentantar til styret i nummerorden for 1 år.

På val:

- | | |
|-----------------------------------|--------------------|
| 1 vara: Audun Skjervøy, Fjord | (1. vara frå 2020) |
| 2 vara: Jan Henrik Moen, Surnadal | (2. vara frå 2021) |
| 3 vara: Kristine Blindheim, Giske | (3. vara frå 2020) |

<u>Vedtak:</u>	1. vara: Jan Henrik Moen, Surnadal	Enstemmig
	2. vara: Kjersti Ellingsgård, Molde	Enstemmig
	3. vara: Ole Wegard Iversen, Smøla	Enstemmig

5. Ordfører til årsmøtet 2023

På val:

- | | |
|----------------------------|--------------------------|
| Oddvar Mikkelsen, Surnadal | (valgt første gong 2019) |
|----------------------------|--------------------------|

<u>Vedtak:</u>	Oddvar Mikkelsen, Surnadal	Enstemmig
-----------------------	-----------------------------------	------------------

6. Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 2 år (2022/2023)

Pr. 31.12.2021 hadde fylkeslaget 2891 medlemmer. Det skal veljast ein utsending for kvar påbegynt 600 medlemmer. Dette gir **5 utsendingar**. (Grensa for 6 utsendingar er 3.001 medlemmer.)

Dei som ikkje på val i år, og som skal møte i 2022 også er forutan fylkesleiaren som er årsmøteutsending som medlem i representantskapet:

- | | | |
|----|-----------------------------------|-------------|
| 1. | Hilde Kjersem Kolberg, Hustadvika | (2021/2022) |
| 2. | Ørjan Stenerud, Giske | (2021/2022) |
| 3. | Audun Skjervøy, Fjord | (2021/2022) |

Dei som var utsendingar med funksjonstid 2020/2021, og som dermed er på val i år er

- | | | |
|----|---------------------------|-------------|
| 4. | Anna Håland Berget, Rauma | (2020/2021) |
| 5. | Odd Bjarne Bjørdal, Ørsta | (2020/2021) |

<u>Vedtak:</u>	Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 2 år (2022/2023)
-----------------------	--

- | | | |
|-----------|----------------------------------|------------------|
| 4. | Anna Håland Berget, Rauma | Enstemmig |
| 5. | Jan Henrik Moen, Surnadal | Enstemmig |

7. Val av 5 varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag 2022 i nummerorden for 1 år

Dei som var valt på årsmøtet 2021, og som dermed er på val i år er

1. Jan Henrik Moen, Surnadal
2. Kristine Blindheim, Giske
3. Erik Olufsen, Aure
4. Ole Henrik Rindli, Molde
5. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag

<u>Vedtak:</u>	1. Kjersti Ellingsgård, Molde	Enstemmig
	2. Ole Wegard Iversen, Smøla	Enstemmig
	3. Kristin Gilje Sandnes, Fjord	Enstemmig
	4. Sofie Rebekka Høybakk, Giske	Enstemmig
	5. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag	Enstemmig

8. Valnemnd – val av 2 medlemmer for 3 år

Medlemmene i valnemnda blir valt for 3 år. Ein eller to medlemmer står på val kvart år. I år er det i tillegg eit suppleringsval for 2023 på grunn av fritak. Det blir valt 3 varamedlemmer i nummerorden for 1 år. Leiar og nestleiar blir av årsmøtet valt for 1 år mellom dei fem medlemmene i nemnda.

Valnemnda 2022

Sivert Maset, Surnadal (leiar)	Funksjonstid (2020/2021/2022)
Birgit Oline Kjerstad, Ålesund	(2020/2021/2022) Fritak resten av valt periode
Solrunn Hol, Hustadvika (nestleiar)	(2021/2022/2023) Fritak resten av valt periode
Odd Harald Solheim, Smøla	(2022/2023/2024)
Peder Hellebostad, Stranda	(2022/2023/2024)

På val i 2022

Sivert Maset, Surnadal	Funksjonstid (2020/2021/2022)
Birgit Oline Kjerstad, Ålesund	(2020/2021/2022)

Suppleringsval for eitt år (2023)

Solrunn Hol, Hustadvika	(2021/2022/2023) Fritak resten av valt periode
-------------------------	--

<u>Vedtak:</u>	1) Anne Saltrø Polden, Surnadal (2023/2024/2025)	Enstemmig
	2) Anne Kristina Haram, Ålesund (2023/2024/2025)	Enstemmig
	3) Grete Skar Misfjord, Vestnes (2023)	Enstemmig

Val av leiar i valnemnda 2023 for 1 år

<u>Vedtak:</u>	Odd-Harald Solheim, Smøla	Enstemmig
-----------------------	----------------------------------	------------------

Val av nestleiar i valnemnda 2023 for 1 år

<u>Vedtak:</u>	Grete Skar Misfjord, Vestnes	Enstemmig
-----------------------	-------------------------------------	------------------

9. Val av 3 varamedlemmer i valnemnda (2023) i nummerorden for 1 år

På val:	1. Grete Skar Misfjord, Vestnes (møter fast t.o.m. årsmøtet 2022)
	2. Asbjørn Dahlen, Gjemnes (møter fast t.o.m. årsmøtet 2022)
	3. Hege Eline Slåttelid, Volda

<u>Vedtak:</u>	1. Asbjørn Dahlen, Gjemnes
	2. Kristin Waagen, Tingvoll
	3. Roger Håseth, Hustadvika

SAK 10. GODTGJERSLE TIL STYRET OG TILLITSVALGTE I FYLKESLAGET**A) Framlegg til vedtak:**

Fylkeslaget nyttar Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegodtgjersle til fylkesstyret, og til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptre på vegne av fylkeslaget. Utsendingar frå lokallaga til leiarmøtet og årsmøtet får dekkja reiseutgifter av fylkeslaget. Eventuell møtegodtgjersle for desse blir dekkja av lokallaget, i tråd med vedtak i lokallagsårsmøtet.

B: Framlegg til vedtak:

Nestleiar i fylkesstyret blir godtgjort med 15 prosent av fylkesleiarar årlege godtgjersle.

Vinner av Årets lokallag – Sykkylven BONDELAG

Arbeidet i lokale bondelag har fleire sider. Det varierer frå lag til lag kva type aktivitetar som pregar arbeidet i laget – og det varierer over tid i kvart enkelt lokallag. Vekta kan ligge på det sosiale eller på det faglege – på medlemsaktivitetar eller på meir utoverretta tiltak av ulikt slag.

Lokale bondelag har ei unik mulegheit til politisk arbeid lokalt. Lokallaga har både lokalkunnskapen og det nettverket som skal til for å arbeide godt opp mot lokale politikarar og administrasjonen i kommunen. Lesarinnlegg eller oppslag i lokalaviser får også større effekt når det er lokale folk som uttaler seg. Slik gjer lokallaga eit viktig arbeid som verken fylkesleddet eller sentralleddet i organisasjonen kan få gjort. Dette året vil Møre og Romsdal Bondelag gi honnør til dei lokallaga som har jobba ekstra godt med denne sida av lokallagsarbeidet.

I tillegg til faglege, sosiale og praktiske aktivitetar retta mot eigne medlemmer – som studiering, bondepub, grillkveld og felles bestilling av kalk – har Årets lokallag engasjert seg i eit breitt spekter av saker lokalt.

Laget aksjonerte lokalt då det vart brot i jordbruksforhandlingane og fekk god medieomtale både lokalt og regionalt. Laget har kome med uttale om rullering av landbruksplan i kommunen, og her er også ein frå styret med i arbeidsgruppa. Vidare har laget kome med uttaler om SMIL-midlar, veterinærvaktområde, hjorteforvaltning, lokal forskrift om båndtvang, samt løypeplan i eit populært friluftsområde som også er beiteområde.

Årets lokallag stilte også opp med beredskap og håndtering av media i samband med ei svært tragisk ulykke i landbruket lokalt.

Laget får diplom og kake til et valgfritt medlemsarrangement. Videre får Årets Lokallag i hvert fylke kr 5 000 fra Norges Bondelag. Laget går vidare til konkurransen i Norges Bondelag om Årets Lokallag.

Avslutning

Fylkesleder takket Odd Bjarne Bjørdal for innsatsen i fylkestyret og Sivert Maset for innsatsen i valgnemnda. Arild Erlie ved fylkeskontoret blir pensjonist fra 1. april, og ble også takket av.

Årsmøteordfører Oddvar Mikkelsen avrundet møtet og ønsket vel hjem.

Møtet hevet kl 15.40

.....
Oddvar Mikkelsen – ordfører

.....
Lars Polden

.....
Sofie Høybakk